

Innspel om Mediepolitikk

Til Medietilsynet frå Landslaget frå lokalaviser april 2021

Oppsummering av 2020

- Frå mediemelding med gode ord til hard valuta ved auka tilskott til lokalavisene
- Frå mars: Covid19 pandemien –krevjande og varer enno. Tilbakeslag i 2021.
- Kompensasjonsordninga trefte ikkje dei minste; men dei som hadde gode 2019-tal
- Tidlegare utbetaling av produksjonstilskott for 2020 var positivt og viktig.
- LLA samarbeidde med andre bransjeorganisasjonar ...mest med positivt resultat.
- Prøvde og prøver å få ekstra prod.tilskott – kr.500.000 til lokalaviser under 15.000 i opplag.
- Distribusjonsendring etter reduksjon i postfrekvens frå 7. juli 2020
- Mangelfullt anbod – samf.dep. ordna bra opp, men ikkje alt på plass. Uavklart med nye abon.
- Dei fleste abonnentar får avisa si, men ei komplisert endring har gitt mykje arbeid for LLA overfor medlemmer, politisk (samf.dep. etter storting), Posten og AND (Helt Hjem)
- Auke i pris er varsla og delvis gjennomført. Kan bli ei utfordring for mange av dei minste.
- Anbudet gjeld berre til juli 2022, men Stortinget har gitt føring til juli 2023. LLA arbeider for å utvide til juli 2023 og få politiske føringar om forlenging etter behov. Først 2022-budsjett!

- Generelt om LLAs arbeid med rammevilkåra til lokalavisene

LLA arbeider breitt for å sikre lokalavisene gode rammevilkår. Det er krevjande, men samarbeid med andre bransjeorganisasjonar og spesielt gjennom NP der LLA er medlem er viktig.

LLA opplever å ha eit godt samarbeid med Kulturdepartementet, Stortinget, Medietilsynet, andre bransjeorganisasjonar og sentrale leverandørar

Pressepolitikk

LLA arbeider aktivt med innspel til utforming av mediepolitikken. Blant anna til overordna målsetting for mediepolitikken, til forskrifter for støtteordningar, statsbudsjettet og fordeling av rammer. I dette arbeidet inngår både produksjonstilskott, støtte til etterutdanning, innovasjonsstøtte, støtte til lyd&bilde og vurdering av nye tilskottsordningar.

LLA er høringsinstans og gir høringsuttale på dei fleste viktige område for mediepolitikk.

LLA er med i Referansegruppe for Mediemangsfoldrekneskap og i tilskuddsutvalet.

Distribusjon av papiraviser

Framleis er dei fleste lokalavisene avhengig av papiravisa for å finansiere journalistikken.

Arbeid for å sikre lokalavisene best muleg distribusjon av papiravisa til levelege prisar har vore og er eit viktig arbeid for LLA.

LLA la ned svært mykje arbeid for å få til ei god kompensasjonsordning når Posten reduserte frekvens, og hadde ei tung hand på den motsykliske løysinga som vart vedtatt og som fungerer bra. LLA arbeider inn mot Posten som etter endringa i juli 2020 både er anbodsvinnar for distribusjon på kvardagar der avisene ikkje har eigendistribusjon, og samstundes eit sikkerhetsnett for dei som ikkje finn det praktisk, økonomisk eller på andre måtar muleg å bruke andre alternativ.

LLA har og tett kontakt med AND (Helt Hjem) for å utveksle informasjon og bidra til gode løysingar.

Men aller mest tid på distribusjonsspørsmål brukar LLA-sekretariatet til hjelp og informasjon for medlemmene. Distribusjon er blitt komplisert og krevjande for små, uavhengige aviser.

Presseetikk

LLA engasjerer seg først og fremst gjennom Norsk Presseforbund når det gjeld spørsmål om etikk, innsyn og openheit. Vi har og god dialog med Norsk Redaktørforeining når det gjeld rådgiving.

LLA-sekretariatet hjelper og etter beste evne avisene med råd når dei har krevjande enkeltsaker.

Diverse rammevilkår

LLA engasjerer seg mest saman med andre bransjeorganisasjonar i andre spørsmål som har med rammevilkår å gjera, som markedsføringslov f.eks. telefonsal, reservasjonar, GDP mm.

LLA er med i Bransjerådet for å informere og om muleg samarbeide

I alt arbeid legg LLA til grunn at målet er at lokalavisene skal vere viktige for innbyggjarane og sine lokalsamfunn. LLA engasjerer seg difor sterkt i å hjelpe lokalavisene til å lage best muleg innhald og få dette fram til fleste muleg lesarar. LLA satsar difor tungt på innhaldsprosjekt, åleine og/eller saman med andre, som skal løfte lokalavisene.

For å nå ut med journalistikken, og nå framtidens lesarar satsar LLA hardt på å hjelpe lokalavisene med digital innovasjon. Dette er gjort muleg gjennom den nye innovasjonsstøtta.

LLA-innspel til mediestøtteordningar

- **Produksjonstilskott**

Den auken som lokalavisene fekk i produksjonstilskottet frå 2020 har vore heilt avgjerande for at dei aller fleste uavhengige lokalavisene har klart seg. I 2020: Viktig løft for lokalavisene – avgjerande for mange

Statsbudsjettet for 2021 har inflasjonsjustert ramme, og LLA ser det slik at dei politiske føringane tilseier vidareføring og styrking av satsinga på små lokalaviser. Det er viktig å sikre denne satsinga ved å ha ein eigen del av ramma til fordeling mellom lokalavisene.

- **Nye/endra forskrifter. Tidsplan: på høyring i 2021 – gjeld frå 2022**

LLA ser arbeidet med å oppgradere forskriftene som svært viktig. Digitalisering og andre endringar i mediemarknaden gjer at dagens forskrifter på fleire område heng etter og at det er

viktig å gjere framtidretta endringar. Det er viktig at nye forskrifter er tilpassa målsettingane for mediepolitikken slik at ein både tar vare på dei viktigaste verdiar som ligg i mediemangfaldet i dag, men samstundes legg til rette for nyskapinga og ikkje minst digital utvikling. Men at forskriftene samstundes stenger for utilsikta, uheldige tilpassingar.

Lokalavisene gir i dag eit unikt mediemangfald der dei fleste lokalsamfunn har ei lokalavis.

I ei tid der konserna stadig blir sterkare, og det skjer store endringar i medieøkonomien er det avgjerande med stabile rammevilkår for dei små lokalavisene som kvar for seg har ein sårbar økonomi.

For å sikre dette må det i forskriftene gjerast tydeleg at lokalavisene får ein eigen del av samla støtte til fordeling. LLA meiner denne del av ramma framleis er for låg og meiner den bør aukast slik at golvet (minstetilskotet) blir over ein million kroner. At halvparten av samla ramme blir øyremerkt dei mange lokalavisene landet rundt er eit rimeleg nivå.

LLA ser det som svært viktig å anerkjenne at det er minst like viktig at lokalavisene har ressursar til å lage god journalistikk som for andre medier. Det er lokalavisene som er nærast innbyggerane og det er kommunane som leverer dei fleste tenester til innbyggerane rundt om i heile landet.

LLA meiner at det i budsjettet må grupperast i naturlege avisgrupper som speglar funksjonen til media. Lokalavisene blir i dag definert som Nr.1. og åleineaviser, ved at dei er einaste utgjevar med forretningsadresse i lokalsamfunnet. Slik mediemarknaden er i dag er dette ein definisjon som ikkje er rett. I dag sel både Facebook, Google, Schibsted og andre annonsar og brukartilgang utan kontorstad i dei fleste lokalsamfunn, både innhald og annonsar. Svært mange stader har desse, åleine eller saman støtte omsetnad i ein avgrensa geografi enn lokalavisa. LLA meiner difor at definisjonen bør vere Lokalavis, med eventuelt tillegg for faktor for opplag, t.d. under 6000, evt. faktor for omsetning, alt etter kva faktorar som vil bli brukt.

LLA meiner at med dei endringane som er i medieøkonomien er det nødvendig å vurdere om opplagsgrensa for å få produksjonstilskott blir utvida, til dømes til 12.000. Her kan det vere vel så aktuelt å sjå på andre faktorar enn opplag. LLA vil foreslå å vurdere omsetning, som vi har spelt inn tidlegare.

LLA vil her understreke at bydelsavisene er viktige og at her er gjeldande opplagsgrense uheldig i storbyane. Det unnataket som gjeld i dag må innarbeidast fast i dei nye forskriftene.

Både kommunesamanslåingar som er gjort, og endringar som heilt sikkert vil kome, gjer at kommunedelsaviser også bør skrivast inn i forskriftene.

LLA ser at det i dag er store utslag i fordelinga av produksjonsstøtta etter utvikling i opplag. Dette kan vere uheldig og opplevast urettferdig på den måten at når opplaget og økonomien veks vil eigentleg behovet for støtte blir mindre etter kvart som eigen kraft i mediemarknaden blir sterkare.

LLA vil difor foreslå eit tak, som kan tilretteleggast i trappetrinn der faktoren for opplag blir lågare når opplaget er over ei viss grense, f.eks. over 20.000. Taket kan og svært gjerne ha omsetning som ein av faktorane.

LLA synest det er naturleg at forskriftene regulerer sjansane for at to aviser kan ha same eigar i ein lokal marknad, og at den eine får nummer to støtte.

Når det gjeld andre avisgrupper meiner LLA at det er urimeleg at nisjeaviser skal få full utteljing som nr.2-avis, når dei ikkje har same breidde i innhald og dermed kostnadsbilde som avisa dei blir målt opp mot.

- 2021 RNB/Koronatiltak - for at lokalavisene skal kome seg gjennom og hente seg inn etter krise - LLA arbeider for minst kr. 500.000 til alle lokalaviser under 15.000 i opplag – ca.75mill.
- Statsbudsjettet 2022
LLA arbeider for at det i statsbudsjettet for 2022 blir prisjustering av 21-tal + 10 mill. ekstra til lokalavisene for å nærme seg eit golv vi meiner bør vere minst 1 (ein) million kroner.
- **Etterutdanning**
LLA arbeider særst aktivt med kompetansetiltak og opplever at vi i dag er eit kompetansesenter for lokalavisene, med både seminar, kurs, innovasjonstiltak, innhaldsprosjekt og rådgjeving. minst LLA har årleg rundt 500 som arbeider i lokalavisene med riksdekkande, regionale, lokale og bedriftsinterne kurstiltak. I tillegg legg LLA ned eit stort arbeid for å dele viktig fagleg innhald gjennom Idébanken, som er open for alle.
Innhaldsprosjekta i LLA tar sikte på å hjelpe lokalavisene til å lage endå betre innhald og slik styrke avisene i brukarmarknaden. Vi har dei siste åra arbeidd spesielt med å styrke den undersøkande journalistikken i lokalavisene, både gjennom eigne prosjekt som ”Grave lokalt” og gjennom samarbeid med Fritt ord, SUJO og nå sist også med NRK på laget i ”Den store folkevandringa”.
Den årlege statsstøtta LLA får gjennom etterutdanningsmidlar (kr.655.000 i 2021) har vore og er ein føresetnad for at LLA skal klare å levere så omfattande kompetansetiltak.
- **Nytt forslag: Vikarstøtte** – Spesielt viktig for dei mindre lokalavisene
Det er ei utfordring for små lokalaviser med berre nokre få redaksjonelle medarbeidarar å delta på kompetansetiltak. Dette både fordi det er vanskeleg å kome frå, men og av økonomiske grunnar. Det er også vanskeleg for mange mindre aviser å setje av ressursar til journalistiske prosjekt/saker som krev mykje arbeid. Det er samstundes viktig for at lokalavisene skal løfta kvaliteten at dei kan gjennomføre meir omfattande undersøkande journalistikk.
Både for å kunne delta på kurs og for å drive ”graveprosjekt” vil ei vikarordning vere viktig både for å ha råd til vikar, men like mykje å få tak i kompetant vikar når dei faste er borte, eller skal gå i djupna. LLA er open for å drøfte korleis ei vikarordning kan organiserast.

- **Innovasjonsstøtte viktig, men kan bli endå betre**

Den relativt ferske innovasjonsstøtta har vore og er viktig for at LLA kan hjelpe dei mange små lokalavisene med å utvikle seg digitalt, og den er viktig for at lokalavisene skal gjennomføre digitale prosjekt. Vi ser gode resultat av innovasjonsstøtta, men det er og utfordringar med forskriftene for ordninga. For ein del av dei minste avisene, som gjerne er dei som treng innovasjonsstøtta aller mest er det vanskeleg å finansiere eigendelen. LLA meiner difor at denne må reduserast, gjerne ved differensierte krav, og foreslår same krav til eigendel som for støtta til lyd&bilde, på 20 prosent. Slik vil og fleire medier i den prioriterte målgruppa kunne få del i innovasjonsstøtta.

Forslag til ny støtteordning:

Ressursar til Redaksjonelle samarbeidsprosjekt i regi av LLA og SUJO

Dei siste tre vekene har lokalaviser landet rundt publisert nær 500 saker i eit stort samarbeidsprosjekt "Den store folkevandringa". I tillegg har NRK publisert ei rekkje sake, og hatt fleire debattar i beste sendetid. Temaet og alle sakene har fått stor merksemd og vil heilt sikkert vere aktuelt lenge framover, både ut frå sakene som er laga, men og det lokalavisene kjem til å publisere vidare. "Den store folkevandringa" er eit samarbeidsprosjekt mellom NRK, LLA og SUJO (Senter for undersøkjande journalistikk).

Vi forslår ei ny støtteordning med ressursar til SUJO og LLA for å gjere dette arbeidet varig. Så vedlegg med meir omtale og konkret forslag.

NRK og deira rolle

I ei ny og endra medieverd er det mange nye utfordringar. Men dei overordna måla ligg fast. Det at innbyggarane opplever at det er reell ytringsfridom gjennom eit mangfald av seriøse lokale, regionale og riksdekkande nyheits- og aktualitetsmedier av høg kvalitet og med god, uavhengig journalistikk under fana til pressas etiske normer.

Det er viktig å ikkje setja i spel det som har fungert over tid; nemleg momsfratak for journalistikk produksjonstilskott til lokalaviser, nr.2-aviser og nokre andre avisgrupper, lisens for etermedia, TV2s konsesjon som riksdekkande reklamekanal, og altså ein sterk lisensfinansiert allmennkringkastar, NRK.

NRK som allmennkringkastar har til nå ikkje vore til hinder for at vi har kunne hevde at landet vårt har vore i verdstoppen i mediemangfald, truleg tvert imot ved at dei har hatt ein høg fagleg og etisk standard som også har løfta kvaliteten i andre medier.

Det er mange utfordringar etter kvart som digitaliseringa rullar over oss.

Kven eig nyheitene, og kven skal ha betalt for arbeidet med å hente dei fram?

Korleis skal dei som lagar originaljournalistikken vere dei som får lesar- og annonse inntektene knytt til kostnaden med få fram god journalistikk.

I dag ser den norske mediemarknaden ut til å vere i balanse ut frå desse utfordringane.

Med det maktforholdet i ressursar som er mellom statsinstitusjonen NRK og lokalavisene er det heilt

avgjerande at kravet til NRK om å bidra til mediemangfald blir gitt forpliktande innhald.

- Lokalavisene har tidlegare vore redde for at gratis NRK-nettsider skal vere med på å redusere betalingsviljen i lokalavisene. Per i dag ser dette ikkje ut til å vere ei vesentleg utfordring, men varierer litt i forskjellige deler av landet. I det alt vesentlege opplever lokalavisene at dei har ei grei arbeidsdeling med NRK, og i liten grad er i direkte konkurranse.
- Det er avgjerande korleis NRK brukar nettsida i praksis. Den omlegginga som vart gjort vor eit par år sidan har redusert gnissingane med lokalavisene.
 - I det daglege er det viktig at NRK med sin praksis når det gjeld sitering og lenking bidrar til å gje lokalavisene meir trafikk, i staden for det motsette.
 - Tilgang til NRKs arkiv kan vere viktig for lokalavisene, ikkje minst ferske saker. Aller helst skulle lokalavisene kunne få tilgang til saker NRK publiserer så nær sanntid som muleg.
 - NRK har i sitt oppdrag å bidra til mediemangfald. Det er viktig at dei tar dette ansvaret på alvor utover enkeltprosjekt og at det blir stilt krav til NRK om at dette skal vere eit kontinuerleg arbeid. NRK har ressursar til å bidra til å styrke lokalavisene gjennom samarbeid om research, deling av saker, publiseringstidspunkt, og å løfte større temaprojekt saman med lokalavisene som "Den store folkevandringa". At NRK har sett av ressursar til kontinuerleg samarbeidstiltak med lokalavisene bør vere eit krav på sentralt og på distriktskontora. Det bør også vere i NRKs eigeninteresse når vi ser kor mange gode saker og debattar som er kome frå "Folkevandringa". For samfunnet handlar dette om å skapa journalistikk dei små mediene ikkje klarer åleine.
 - NRK bør ha ta eit større regionalt ansvar. Dei andre mediene har trekt seg meir tilbake til sine bysentrum og NRK er nå det einaste mediet som kan fylle det regionale nivået både for politikk, næringsliv og andre stoffområdet.
 - NRK bør ha ansvar for å lage innhald for og om grupper som dei andre mediene ikkje dekkjer godt nok, som stoffområde som ikkje gir nok lønsemd for dei private mediene.
 - Bidra til mediemangfald ved å bruke ressursar på samarbeidsprosjekt. (T.d. Folkevandringa med NRK-SUJO-LLA)

Oslo/Husnes 30.april 2021

Landslaget for lokalaviser
Tomas Bruvik
generalsekretær